

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for offentleg områdereguleringsplan for Vossevangen, planid 2018001.

Formannskap/ plan og økonomi behandla i møte 08.03.2018 sak 12/18

Det vart gjort følgjande vedtak:

1. Med heimel i plan og bygningslova §§ 12-2 og 12-8 vedtek FPL oppstart av områdereguleringsplan for Vossevangen, planid 2018001.
2. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 vedtek FPL at planprogram for ny sentrumsplan – Vossevangen, datert 27.02.2018 vert lagt til høyring og offentleg ettersyn.

Forslagsstilla

Den nye områdeplanen er ein offentleg plan der Voss kommune står som tiltakshavar. Prosjektleiar for ny sentrumsplan vil utarbeide planen i samarbeid med planavdelinga.

Planen vil bygge på eksisterande situasjon og gjeldande planar. På bakgrunn av dette er det vurdert at planen ikkje løyser ut krav om konsekvensutgreiing. Det vil bli gjennomført ulike fagutgreiingar i samband med planarbeidet.


Planområdet

Planområdet strekkjer seg frå Svartenakken i vest til Amfi i aust. Mot nord føljer planområdet jernbanen og i sør elva Vosso, samt delar av Vangsvatnet.

Avgrensing av planområdet skal sikre ei overordna og heilskapleg løysing for sentrum. Avgrensinga skal trygge gode forbindelsar med tilstøytande områder.

Det er lagt inn overlappande område mot Tvedemoen, Haugamoen, mot Nyre og Gjernes, og det nye kollektivknutepunktet i vest. Prestegardsmoen som viktig rekreasjonsområde og drikkevassreservoar er innlemma i planområdet. Endeleg avgrensing vil bli vurdert fortløpende undervegs i planarbeidet.





VEDLEGG 1. - PLANPROGRAM NY SENTRUMSPLAN VOSSEVANGEN - KART VISER AVGRENSEND FOR NY OMÅDEPLAN SENTRUM.

Føremål

Det overordna målet er å legge til rette for eit levande og attraktivt regionssenter, med fokus på det grøne skiftet og ei berekraftig utvikling.

Vossevangen som regionalt og lokalt sentrum skal utviklast til ein attraktiv plass å bu, besøka og drive næring, handle, oppsøke teneste og treffast. Planen skal styrke identitet og særpreg.

Føremål med planarbeidet er å utarbeide ein heilskapleg plan som:

- legg til rette for eit levande og attraktivt regionssenter
- utviklar eit sentrum kor det er godt å leve, bu, arbeide og besøke
- har fokus på ei berekraftig utvikling

Sentrum er ein kompleks vev som krev heilskap og koordinering for å skape gode løysingar for ulike brukargrupper og krav. Sentrumsplanen skal legge føringar for kulturminne, ny struktur og bygningsmasse, utbyggingsmodellar, byggehøgder og estetikk mm. Planen skal legge rammer for utvikling av ulike delområder i sentrum. Fastsette overordna strukturar, for heilskapleg samanheng i sentrum og inn/ut frå sentrum.

Informasjon og merknader

Innspel, opplysningar eller forslag som kan ha betydning for planarbeidet bør koma fram så tidleg som mogeleg. Kommunen ynskjer brei medverknad til oppstart av planarbeidet og planprogram. Alle skriftelege innspel til planarbeidet vil bli vurdert som grunnlag for planforslaget.

Frist for eventuelle merknader eller innspel er sett til 02.05.2018.

For nærmere informasjon eller innspel til planarbeidet ta kontakt med:

Skriftleg: Voss kommune, Tekniske tenester v/planavdelinga, postboks 145, 5701 Voss

Pr. e-post: postmottak@voss.kommune.no

Pr. telefon: 56 51 94 00 til servicetorget som kan svara eller visa til saksbehandlarar.



voosskommune

Dokument i plansaka er utlagt i Servicetorget i Tinghuset på Voss, og er tilgjengeleg på Voss kommune si heimeside; <http://www.voss.kommune.no/> Gå inn på Tekniske tenester /sjølvbetjening og planregister og søk på planident 2018001.

Med helsing
Voss kommune
Plan

Zehra Causevic

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikke signatur